

## Vestland SV i solidaritet med Gaza

Sidan 9. oktober 2023 har sivilbefolkninga og sivil infrastruktur i Gaza blitt bomba av den israelske okkupasjonsmakta. Ifølgje FN har omkring 28 000 menneske blitt drepne og nesten 70 000 skada som følgje av denne valden. Under total blokade har over 1,7 millionar menneske blitt bomba og internt fordrivne til eit område i sør utan sivil infrastruktur, mat, tilgang til helsehjelp eller andre nødvendige fasilitetar for å kunne overleve. Sjuke, gamle og personar med nedsett funksjonsevne slit med å bevega seg og må ofte berre vera att der dei er, skreiv Raude Kors i oktober i fjor. Det finst grusame dømer på born med smertefulle amputasjonar grunna Israel si bombing av Gaza.

Den farlegaste krisa for sivilbefolkninga i Gaza er ikkje over. Ei befolkning som allereie har overlevd over seksten år med blokade, matusikkerheit, vassmangel, arbeidsledigheit og bombing, står no i akutt fare for hungersnaud. I prognosen for akutt matusikkerheit på Gazastripa for perioden desember 2023 til februar 2024, melder FN om den høgste graden av kritisk matusikkerheit for ein befolkning som er målt på tjue år. Fire av fem av verdas mest svoltne er å finne i Gaza.

Israel har systematisk ramma den sivile infrastrukturen i Gaza, inkludert alt som er nødvendig for matproduksjon og fiskeri. Nesten alle av Gaza sine fiskebåtar, garn, drivhus, husdyr, brønner og matjord er blitt utsett for systematisk øydelegging. Gaza vil på lang sikt mangle evne til å produsere mat.

FN sin internasjonale domstol krev no at Israel skal innføre alle tiltak for å forhindra eit folkemord. Dette gir vi vår fulle støtte. Diverre ser det ikkje ut til at Israel vil respektere denne avgjerda.

Vi må erkjenne at den vestlege verda i over 75 år har svikta det palestinske folket og bidrege til å normalisere den umenneskeleggjerande og systematiske undertrykkinga av det palestinske folket. No må tida for diplomati vere over. Vestland SV støttar folkelege initiativ til boikott av Israel inntil ei langvarig løysing som er i tråd med folkeretten er på plass.

### **Vestland SV krev at regjeringa følgjer opp SV sine forslag om sanksjonar mot Israel:**

1. at norske statlege våpenprodusentar og dotterselskap med fabrikkar i USA ikkje skal selje komponentar direkte eller indirekte til Israel.
2. at regjeringa tar initiativ til ein internasjonal våpenembargo mot Israel.
3. at regjeringa frys pengar og eigedom som tilhøyrrer personar som er ansvarlege for, aktivt støttar eller gjennomfører handlingar som trugar sikkerheita til folk på Gaza, hindrar humanitære organisasjonar sitt arbeid på Gaza og/eller undergrev den territoriale integriteten til Palestina.

4. at regjeringa innfører forbod mot import/eksport og levering av varer og tenester som bidreg til det israelske regimets inntekter, at regjeringa frys frihandelsavtalen med Israel til krigen i Gaza er avslutta og blokaden mot Gaza er oppheva.